



Lindås kommunestyre
v/ rådmann

Knarvik, 19. september 2014

Lindås kyrkjelege fellesråd – søknad om auka investeringstilskot frå og med budsjettåret 2015

Gjennom dei siste 10 åra har Lkf fått årleg ramme frå Lindås kommune på NOK 500.000 til investeringar, større vedlikehald og utskiftingar. Mva-refusjonen på desse midlane har i perioden gått attende til kommunen.

Investeringar i anlegg / anleggsmidlar

Gjennom dei siste tre åra har desse midlane gjeve rom for utskifting av maskiner og utstyr til bruk på gravplassane samt opparbeiding av nye graver ved gjenbruk av eksisterande felt på fleire gravplasser. Arbeidet på nokre gravplassar har fått prioritet i 2012 og 2013 ettersom kapasiteten hadde vore nokså kritisk fleire stader:

- a. Ny gravemaskin
- b. Ny varebil / trekkvogn
- c. Nye grasklipparar / raider
- d. 18 nye graver ved omlegging av gamalt felt på Vike
- e. 75 nye graver ved omlegging av felt på Hundvin
- f. 70 nye graver ved omlegging av felt på Lindås

I tillegg har investeringsmidlar løyvd i økonomiplanen for 2013/2014 blitt nytta til nyanlegg / utviding av gravplassen på Hjelmås. Denne skal ferdigstillast hausten 2014. Her blir det 160 nye graver i tre nye felt i flukt med eksisterande gravplass.

Reparasjon av bygg

Vedlikehald av bygningsmassen til Lkf har vore rimeleg forsømt over fleire år. Kyrkjeverja meldte i 2013 at dette no måtte få prioritet, og fellesrådet heldt derfor attende nokre midlar i 2013 som vart overført til 2014. Eit anna punkt som kyrkjeverja peikte på i møte med formannskapet i 2013 var at han ikkje hadde tilstrekkeleg kompetanse på gamle bygg i organisasjonen, og derfor var på leiting etter slik.

Godt samarbeide med friviljuge

Dette er no på plass, og har ført til at hausten 2014 er ytterpanelet og ulike konstruksjonar på Alversund kyrkje blitt reparert. I tillegg er kyrkja blitt vaska, skrapa og måla av friviljuge under leiing av ein byggmeister som fellesrådet har engasjert. Vike kyrkje er skrapa og grunna slik at denne er klar til måling i 2015. I tillegg er nokre reparasjoner på både borgstova og reiskapshuset nede på kaien på Vike utført. Utover hausten vil det også bli gjort nokre mindre arbeider knytt til mindre utskiftingar på kyrkjebygg.

Det som er verdt å streke under i samband med arbeidet på Alversund kyrkje i 2014 er det samarbeidet som har vore etablert med friviljuge i soknet. Her har fellesrådet hatt ansvar for stillas og materiell, samt at fellesrådet har leigd inn eit byggmeistarfirma som har utført utbetringar og reparasjoner på kyrkjebygget. Byggmeistaren har rettleia dei friviljuge og hatt kvalitetskontroll. Byggmeistar har og hatt rapporteringsansvar overfor kyrkjeverja, og alle framlegg til arbeidar har vore lagt fram for kyrkjeverja til godkjenning før dei blir sett i verk. Slik har ein og hatt styring på økonomien, jamvel om ein ikkje hadde fullt oversyn over alle behov då arbeidet starta.

Fellesrådet har i 2014 stilt økonomiramme på i overkant av 700.000 til denne typen utbetrings- og vedlikehaldsoppgåver. Berre på Alversund kyrkje vil innsatsen ligge mellom 400.000 og 500.000 utanom stilas, som Lkf sjølv eiger. I tillegg er det liten tvil om at innsatsen frå dei friviljuge utgjer innpå like mykje, slik at samla innsats på Alversund kyrkje utgjer totalt tilskot frå Lindås kommune for to – to og eit halvt år.

For 2015 – 2016 er det ønskjeleg å få

- | | | |
|--|----|--------------|
| • Måla ferdig Vike kyrkje | ca | 300.000 kr |
| • vaske, skrape og måle Lygra kyrkje.
i samarbeide med friviljuge | Ca | 400.000 kr |
| • skifte den halvdelen av skifertaket på
Hundvin kyrkje som vender mot
gravplassen | | 1.200.000 kr |

Med dagens tilskot frå Lindås kommune vil det ta 5 år å få gjennomført desse arbeida. Sett frå fellesrådet si side er dette ikkje ein tenleg situasjon. Her kan tenkast fleire bidrag til betring av dei økonomiske ramane:

- i. Ein kan frå kommunen sin side vedta å la mva-refusjonen for desse investeringsmidlane falle attende til fellesrådet i staden for til kommunen.
- ii. Ein kan vedta ein indeksregulering av det årlege beløpet.
- iii. Ein kan vedta å auke dette beløpet i budsjettet. (Til samanlikning kan nemnast at Askøy kyrkjelege fellesråd, som rett nok har dobbelt så mange medlemmar i kyrkja, men berre fem kyrkjer i like mange sokn, har 4 mill. til rådvelde for motsvarande oppgåver pr år.)
- iv. Sist, men ikkje minst, kan ein etablere ein låneramme for Lkf som gjer høve til å trekke så store beløp at ein i realiteten kan få utført nokre av dei oppgåvene som ligg på kyrkja i Lindås. Skifertaket på Hundvin kyrkje er så dårleg på sida mot gravplassen at det stadig vert oppdaga lause heller. Berre skifting av denne delen av taket vil koste 1.2 mill. Eit slikt tak held i 30 – 50 år om det er skikkeleg utført. Med dagens økonomiske rammer har ikkje Lkf høve til å vurdere dette ein gong. Ein vil i så fall måtte spare heil løyvinga frå kommunen i 3 – 4 år for å kunne finansiere eitt halvt tak.

Lkf vil her peike på ordninga med rentekompensasjon for istandsetting av kyrkjebygg som i dag administreras av Husbanken. Dette er det kommunen som må søkje om. Lindås kommune har nytta ordninga i samband med opprustinga av Myking kyrkje for nokre år sidan.

Oppsummering:

Rom vart ikkje bygd på ein dag, og gode vedlikehaldsplanner for kyrkjeleg eigedom i Lindås vil det og ta noko tid å få etablert. Lindås kyrkjelege fellesråd vil peike på at dei ramane som ein har no til investering, utskifting og større vedlikehaldsoppgåver er såpass stramme at det i praksis ikkje er mogeleg for fellesrådet å ta desse på seg, jamvel om ein no har føresetnader for å løyse slike oppgåver på ein så vel kvalitativ som økonomisk måte.

Lindås kyrkjelege fellesråd viser til sitt vedtak i møte 16. september 2014 i SAK 56/14, punkt 5, og søker som følgjer for budsjettåret 2015:

- a. Lindås kyrkjelege fellesråd søker om auke av årleg tilskot til opparbeiding / vedlikehald / utskifting knytt til 10 kyrkjebygg og 13 gravplassar frå dagens løyving på NOK 400.000 (eks.mva) til NOK 1.0 mill eks.mva (dvs at Lkf får behalde mva-refusjonen.)
- b. Lkf fremjar ønske om å kunne gå i gang med ferdiggjering av underetasjen i Knarvik kyrkje; totalt NOK 6. 0 mill

For Lindås kyrkjelege fellesråd



Torgeir Paulsen
Kyrkjeverje